

Melding frå Landbruksdirektoratet i dag 18.10.2023 om RMP

Her kjem ei oppdatering på problema med søknadsomgangen for regionalt miljøtilskot og søknadssystemet eStil-RMP.

Vi er veldig lei oss for feil som har oppstått i systemet, og har full forståing for ulempene, meirarbeidet og usikkerheita dette har ført til for både søkar, kommunen og statsforvaltarane. Vi testa og sikra oss så godt vi kunne før søknadsomgangen starta. Dei aller fleste søkarane har fått levert søknaden sin, men så dukka det altså opp uventa feil. Etter søknadsfristen den 15. oktober har ikkje søkarane fått til å endre påbegynt eller innsendt søknad.

Vi har vurdert fleire løysingar på situasjonen som har oppstått. Vi har beslutta at det beste vil vere å gie alle søkarar moglegheit til å søke fram til den 29. oktober, utan å få trekk i tilskotet. Systemet er no oppe att slik at søkarar får endra og sendt inn søknadar som vanleg.

Dette inneber at kommunane må vente til 30. oktober med å starte sakshandsaming. Vi veit at dette er ei belastning for sakshandsamarane, sidan dei får mindre tid til sakshandsaming. Likevel meiner vi at vi må sette omsynet til søkaren først, slik at alle som ønsker å levere eller endre søknad om regionalt miljøtilskot i jordbruket får moglegheit til det.

Fordelar med å gjere det på denne måten, er at vi unngår mange søknadar om dispensasjon frå søknadsfristen, og søkarar vil ikkje få trekk for å ha levert søknad etter 15. oktober.

Det vil ikkje vere mogleg å endre søknad eller sende ny søknad etter 29. oktober. Det er viktig at dette vert kommunisert til søkarane.

Vi nyttar også høvet til å gjenta at kommunane må sjekke hendessloggen i eStil-RMP når dei skal undersøke kvifor søknadar står som «under registrering av søker», når søkar meiner dei har levert inn søknad innan fristen. Står det i loggen at siste aktivitet er «søknad mottatt», så er den mottatt innan fristen. Vi kjem tilbake til korleis dette skal fiksast, slik at søknad får status «mottatt» igjen.

Dersom kommunen ser at søknadar har vorte gjenopna etter at den er mottatt, bør kommunen ta kontakt med desse og be dei sende inn på nytt.

Vi ber om at denne e-posten vert sendt vidare til kommunane så snart som råd. Vi oppdaterer nettsidene med informasjon om denne endringa.

Med helsing / Dearvuodaiguin

Gunn Eide
Seksjonssjef
Seksjon miljø og Klima